



# HELSETILSYNET

I HORDALAND

Helse- og omsorgsdepartementet

Postboks 8011 Dep

0030 Oslo

DYKKAR REF.:

VÅR REF. (TA MED VED SVAR):

DATO:

2005/10717

23.11.2005

Sendt på e-post.

## **Høyringsnotat august 2005: Krav om politiattest for helsepersonell og sosialpersonell - Høyringsfråsegn frå Helsetilsynet i Hordaland**

Helsetilsynet i Hordaland viser til høyringsnotatet og sluttar seg i hovudsak til synspunkta som kjem fram i notatet.

I framlegget har departementet avgrensa kravet om politiattest for helsepersonell til område som inneber kontakt med "barn og utviklingshemma". Etter vår vurdering vil det vere vanskeleg å praktisere ei slik avgrensing. Det bør difor gjerast ei grundig drøfting av kva område innan spesialisthelsetenesta som skal vere omfatta.


Etter vårt syn er til dømes ikkje risikoen for overgrep mindre i medisinske og kirurgiske avdelingar enn i barneavdelingar. Nær halvparten av alle barn som blir innlagde i sjukehus ligg i avdelingar som ikkje er definerte som barneavdelingar, inkludert medisinske og kirurgiske avdelingar. Ordinære kirurgiske avdelingar har barn i alle aldrar. Det same gjeld medisinske avdelingar, særleg i små sjukehus. Etter fylte 15 år blir og alle som treng innlegging for indremedisinske problemstillingar innlagde i medisinske avdelingar.

Ungdomsgruppa 15 – 18 år vil dessutan i mindre grad enn småbarna, ha foreldre og andre pårørende hos seg store delar av døgnet, noko som vil kunne vere med å auke risikoen for at tilsette skal forgripe seg.

Av tilbud til utviklingshemma i spesialisthelsetenesta er det berre habiliteringstenesta som er spesielt tilrettelagt. For alle andre formål er utviklingshemma tilviste til ordinære sjukehusavdelingar.

Dersom formålet med nye reglar skal bli oppfylt, meiner vi at det bør drøftast nærmare og gjerast tydelegare kva område innanfor spesialisthelsetenesta som skal vere omfatta av kravet til politiattest.

Med helsing



Helga Arianson  
fylkeslege



Laila Nordheim Alme  
fylkessjukepleiar

Sakshandsamar: Laila Nordheim Alme ☎ 55 57 23 19